



KYSTVERKET

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref.	Vår ref. 2025/3420-3	Arkiv nr. 413.1	Sakshandsamar Turid Susort Jansen	Dato 09.10.2025
-------------	-------------------------	--------------------	--------------------------------------	--------------------

Fråsegn til offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse - Vestland fylkeskommune

Viser til høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regionalplan for verdiskaping og kompetanse frå Vestland fylkeskommune den 26.8.2025.

Føremålet med regional plan for verdiskaping og kompetanse er å gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Planarbeidet heng tett saman med planarbeidet for ny regional plan for areal og mobilitet som omfattar den fysiske utviklinga av infrastrukturen i Vestland.

Kystverket sin rolle

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, tryggleik på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Et velfungerande transportsystem for sjøtransport beståande av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling langs kysten. Det er også viktig for at norske bedrifter skal kunne ta del i større handels- og produksjonsnettverk og for transport av personar. I tillegg er sjøvegen av sentral sikkerheitspolitisk betydning og mogleggjer beredskap og forsvarsevne.

Kystverket har rettleiing og informasjon på våre [nettsider](#).


Kystverket sitt fråsegn

Kystverket støttar Vestland fylkeskommune med å løfte fram samfunnssikkerheit og beredskap i regionale planar.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Samfunnet trenger gode hamner, og hamnene har ein viktig funksjon med tanke sikkerheit og beredskap i ein ny geopolitisk situasjon.

I vårt fråsegn til regional plan for areal og mobilitet hadde vi fagleg råd om å få utført ei overordna kartlegging av hamnestrukturen og vurdering av hamnene si betydning i fylket som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Ei slik kartlegging kan og inngå i kunnskapsgrunnlag for regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Kystverket viser til vårt fråsegn til utviklingsplan for Vestland 2024-2028, datert 21.8.2024, med informasjon verktøy som kan nyttast i kunnskapsgrunnlaget.

Dømer:

- Kartdatabasane Kystinfo.no og Kystdatahuset.no,
- Havbasen med statistikk for utslepp frå skipsfarten,
- MarU, modell for estimering av maritime utslepp.

Vi viser til vårt fråsegn til planprogram for regional plan for areal og mobilitet, datert 8.10.2025.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Turid Susort Jansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Forsvarsbygg

Statsforvalteren i Vestland

Fiskeridirektoratet

Statens hus, Njøsavegen 2

Postboks 185 Sentrum

6863

5804

LEIKANGER

BERGEN